

## MØTEREFERAT FRÅ MØTET I STYRINGSGRUPPA FOR EVENTUELL OMORGANISERING AV KOMMUNEREVISJONEN I SOGN & FJORDANE

Møtedato: **15. september 2017**

Møtestad: **Thon Hotel, Skei**

Møtetidspunkt: **kl. 10:00 - 13:55**

Møteleiar: **Trygve Jacobsen, KRYSS Revisjon**

Sekretær/ referent: **Terje Førde, KRYSS Revisjon**

Desse møtte:

**Sogn og Fjordane Revisjon IKS**

**Styreleiar Arne Hovland  
Tilsettrepresentant Marit Haram Vannes  
Revisjonssjef Marianne Vara**

**Kommunerevisjonen i Nordfjord**

**Styreleiar Rune Myklebust  
Nestleiar Ole Reinhardt Bugjerde  
Tilsettrepresentant Torill Monsen  
Revisjonssjef Markvard Sunde**

**Kommunerevisjonen i Ytre Sogn  
og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)**

**Styreleiar Trygve Jacobsen  
Tilsettrepresentant Asgeir Tveit  
Revisjonssjef Terje Førde**

Jorunn Ringstad, og vararepr. frå KRYSS Revisjon, Ingvar Torsvik Myrvollen, kunne ikkje møte/melde forfall. Per Atle Kjøllesdal, og vararepr. frå Sogn og Fjordane revisjon IKS, Ivar A. Slind, kunne ikkje møte/melde forfall. Desse møtte såleis ikkje.

Varsel om, og innkalling til, møtet var utsendt pr. e-post den 13.09, og framlegg til endeleg rapport vart oversendt dei motande den 14.09.17; - dette pga intensiv arbeid i arbeidsgruppa for å få fram ein endeleg rapport til møtet.

Sak til handsaming i møtet: *Gjennomgang av framlegget til endeleg rapport:*

- Agenda/Sakliste for møtet (det var sett av tid til lunsj frå kl. 12:30 – 13:10)
- Gjennomgang og drøfting om innhaldet i Arbeidsgruppa sitt framlegg til endeleg rapport:  
*«Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei revisjonseining»* (dagsett 15.09.17)

*Det var enkel servering i møtelokalet frå møtestart kl. 10:00. Lunsj frå kl. 12:30 – 13:10.*

*Fellesrekninga for møtet vert fakturert og betalt av KRYSS Revisjon, som i etterkant sender refusjonskrav med 1/3 på kvar av del to andre revisjonseiningane.*

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Leiar i Styringsgruppa, Trygve Jacobsen, leia møtet. Han ønska dei frammotte velkommen til møtet. Dei frammotte vart registrerte ved namnoppopprop.

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista/agendaen for møtet vart godkjend slik den låg føre.

### **Sak 2: Gjennomgang av rapporten som låg føre frå Arbeidsgruppa:**

Med bakgrunn i dei ‘bestillingar’ og endringar som vart gjort i møtet i Styringsgruppa den 18.08.17, blei det frå Arbeidsgruppa lagt fram eit utkast til ordlyd i ein endeleg rapport. Styringsgruppa valde å gå gjennom heile rapporten, med hovudfokus på dei endringar som var blitt gjort i rapporten sidan møtet den 18.08.17. Den teksten var framheva med raud skrift i det utkast som var utsendt og som låg føre i møtet. Møtesekretær tok rapporten opp på storskjerm, der ein gjekk gjennom kapitla og diskuterte i detalj dei endringar som låg føre som framlegg frå Arbeidsgruppa. Styringsgruppa gjorde ein del endringar. Dette vart retta undervegs i møtet.

Det var greie, gode og konstruktive diskusjonar, der veldig mykje av tida gjekk med til å bestemme seg for kva organisasjonsform Styringsgruppa skulle kome med tilråding om. Under drøftingane i møtet fekk ein bistand frå *KS-Advokatane, der advokat Elen S. Gimæs* var med i møtet telefonisk, på høgtalar. Medlemmane i Styringsgruppa hadde høve til å stille spørsmål, og der dei fekk svar på ein del problemstillingar som var reist; m.a. forhold knytt til lovkrav, delegeringsmogleigheter, vedtekter, m.v., for verksamd organisert etter kommunelova § 27 (interkommunalt samarbeid). I møtet var det også diskusjonar kring korleis saka skulle handsamast vidare etter at Styringsgruppa no var ferdig med sitt arbeide.

Styringsgruppa var samde om nokre redaksjonelle endringar i det rapportutkastet som låg føre frå Arbeidsgruppa. Mellom ann vert kapitel 7 å flytte fram som kapittel 5, der desse to kapitla byter plass. Dei andre endringane vart gjort i møtet. Når møtesekretær har fått reinskrive rapporten i høve dei endringar som vart gjort i møtet, vert rapporten å først sende/formidle til medlemmane i Styringsgruppa slik at medlemmane får sjå gjennom den endelege rapporten og evt kome med merknader, før den endelege rapporten vert oversendt styra/representantskapet i dei tre revisjonseiningane for vidare handsaming. Dei tre revisjonssjefane må kome saman og få til ei likelydande saksutgreiing med like-lydande tilråding til vedtak i saka.

Styringsgruppa gjennomdrøfta det som låg føre i rapportutkastet frå Arbeidsgruppa. Etter oppsummingane etter telefondialogen med KS-Advokatane, og etter heilsapelege vurderingar av det arbeidet som har vore gjort det siste året (sidan hausten 2016), kom Styringsgruppa fram til omforente konklusjonar. Styringsgruppa gjorde følgjande samtykkes vedtak i saka:

- Styringsgruppa vil tilrå at dagens tre revisjonseiningar, Sogn og Fjordane revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Nordfjord, og Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon) vert slått saman til ei ny interkommunal revisjonseining; heileigd av det offentlege (kommunar og fylkeskommunen) i Sogn og Fjordane.
- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet får ein desentralisert organisasjonsstruktur som vert bygd vidare på den organiseringa som dagens revisjonseiningar har.
- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet vert organisert som eit samarbeid etter Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, nr. 107 (med seinare endringar), § 27, om interkommunalt samarbeid.

Styringsgruppa gjer framlegg om følgjande måte å handsame saka vidare på:

- Saka vedlagt endeleg utgreiingsrapport vert oversendt styra/representantskapet i dei tre revisjonseiningane
- Saka skal handsamast i alle kontrollutvala hausten 2017.
- Saka skal realitetshandsamast i kommunestyra/bystyra/fylkestinget innan 31.12.2017 og det bør i vedtaket gjevast fullmakt til styra/representantskapet om å velje eit interimsstyre til å etablere det nye samarbeidsorganet.
- Forhandlingsfasen for etableringa av eit nytt fylkesdekkande interkommunalt revisjonssamarbeid skal skje i perioden frå 1.1.2018 til 31.12.2018.
- Interimstyret gjer framlegg om at samarbeidet blir etablert i løpet av 2018 med siktet på oppstart 1.1.2019.
- Dei tilsette har delteke i Styringsgruppa gjennom sine tilsettrepresentantar. I det vidare arbeidet med etableringa skal dei tilsette framleis takast aktivt med på råd og medverknad i samsvar med lov og avtaleverket.

Leiar i Styringsgruppa, Trygve Jacobsen, takka medlemmane for den gode og konstruktive dialogen som ein har hatt i Styringsgruppa heile vegen sidan saka vart sett på kartet. Han takka for det gode og konstruktive samarbeidet som har vore alle medlemmane imellom. Han takka også for det gode samarbeidet og den gode dialogen som Styringsgruppa har hatt med både medlemmane i Arbeidsgruppa og tilsettrepresentantane; lang med i arbeidet.

Avslutningsvis peika møteleiar Trygve Jacobsen på at Styringsgruppa no er ferdig med sitt arbeide, og at det no vert opp til dei tre revisjonseiningane sine styre/representantskap, og eigarkommunane sjølv, å ta saka vidare på ein slik måte at dei tilrådingar som no ligg føre frå ei samrøystes Styringsgruppe, kan bli ein realitet.

Endeleg rapport om samanslåing av revisjonseiningane til ei ny felles interkommunal revisjonseining i fylket vil bli oversendt dei tre revisjonseiningane for vidare handsaming slik som beskrive i rapporten.

Møtet slutt ca. kl. 13:55.  
Skei/Førde, 15.09/17/18.09.17



Terje Førde  
(KRYSS Revisjon)  
Møtesekretær for Styringsgruppa